
Fra: Hans Kristian Dolmen <hkdolmen@gmail.com>
Sendt: onsdag 31. juli 2019 22.11
Til: Postmottak Lindås; Kaia Marie Amland
Emne: Innspel til Områdeplan Lonena
Vedlegg: Innspel til Områdeplan Lonenea 310719.docx

Hei
Vedlagt er vårt innspel til områdeplan Lonena

med helsing
Kjersti Isdal og Hans Kristian Dolmen
Grunneigar gnr 185 bnr 7 - Isdal

Isdal og Gjervik er dei to naboane og gardsområda med utmark, innmark og kulturlandskap som skal vere tilgjengeleg for innbyggjarane på Knarvik. Uavhengig av talet på eventuelt nye bueiningar i Lonena har det kome og vil kome mange i Knarvik og alle eller mange av desse skal og ut i marka. I tillegg kjem desse som faktisk køyrer hit for å gå og så er det ulike arrangement.

Isdal som landbruksområde, både når det gjeld inn- og utmark, har havna i eller er på veg inn i klassisk interessekonflikt om bruk og utnytting. Det er fleire tilhøve i Områdeplanen for Lonena og Kommunedelplan for Knarvik-Alverstraumen som påverkar dette.

Med denne bakgrunn har me fleire moment me verkeleg ønskjer å ha ein dialog med Lindås kommune som planmynde om, men og som landbruksstyresmakt.

1. Utmarksveg og vassledning

For ein god del år tilbake gjorde Lindås kommune ei større utbygging for å sikre og forbetre vasstilførselen til Knarvik. Gjennom det arbeidet vart vassbassenget etablert med røytrase ned til Knarvik. Oppå røytrase vart det naturleg nok etablert veg både for vedlikehald og tilsyn med vassanlegget. I den samanheng vart det etablert avtale mellom Lindås kommune og Isdal felles om etablering av utmarksveg og bruk av denne.

Seinare vart det etablert turveg på austsida av Lonena slik at ein fekk ein runde rundt våtmarksområdet slik den er i dag. Det er heile turløypa, og løypa har i så måte aldri strekt seg opp og ut i utmarka. At det vart etablert lyspunkt opp bakkane mot vasstårnet var ikkje ei utviding av turløypa som sådan, men etablering av lys langs utmarksvegen.

2. Planområde

Isdal felles har tidlegare i prosessen kring områdeplan Lonena spelt inn at ein ikkje ønskjer og heller ikkje ser det naudsynt å ha planområdet langt opp i utmarka og utover rammen for planområde sett av til utbygging i kommunedelplanen for Knarvik – Alverstraumen. No vart planområde i fyrste omgang justert ned slik at det grensa opp til den etablerte markagrensa. Det synast me er positivt då det er med å sikrar LNF-området på lengre sikt.

Men vidare ser me ikkje verken planfagleg eller sakleg, i høve til ein eventuell diskusjon om tilgang ut i marka, at det skal vere naudsynt å ha planområdet utover det som er naturleg avgrensing rundt Lonena. I overordna plan (som vil vere kommunedelplan Knarvik-Alversund) vil areala som ligg rundt heile Knarvik vere Landbruk, Natur- og Friluftsområde. I tillegg vil markagrensa liggje som ein tydeleg grense for utbygging og tiltak.

Me har oppfatta frå tidlegare i prosessen at ein del av motivasjonen for regulering eller ein viktig faktor har vore å sikre avstand frå brukarar i turløypa rundt Lonena til mogleg ny busetnad. No når framlegget til plan er svært avgrensa i høve til utbygging skal det av den grunn ikkje vere naudsynt å leggje inn nokon form for buffer langt ut i utmark, ut i LNF-område og utanfor ei justert markagrensa ned mot Lonena.

Utmarksvegen frå Knarvik og Lonena ligg der og vil vere der i uoverskueleg framtid slik at tilgangen for grunneigar, kommunen og dei som vil ut i marka ligg der etablert. Å regulere arealet i tillegg er «smør på flesk» - tilgang for alle er sikra gjennom overordna plan og friluftsløva.

No har sentrale politikarar valt å gå ut i avisa om at ein moglegvis vil kjøpe ut areal frå grunneigar. Det kan ein jo gjere, men det kan berre løysast på to måtar, enten gjennom frivillig sal eller tvangsal (ekspropriasjon). Som ein av grunneigarane i området ser me jo på dette som ei alvorleg signal, men samstundes ser ein ikkje det faglege grunnlaget for kvifor det skulle vere ønskjeleg.

Ein har forståing for at arealet til turløypa rundt Lonena kan vere naudsynt å sikre seg eller få ei avklaring på, ikkje for tilgangen si skuld, men fordi det krev langsiktige avtaler eller eigarskap for å sikre drift og til dømes tilgang til spelemidler, mao vert turløypa å rekne som eit friluftsliv- eller del av idrettsanlegg. Me forutset at det ikkje er same behovet eller ønskje opp mot vanntårnet eller vidare ut i utmarka?

Slik me ser det kan det ikkje vere naudsynt å ha planområde ut over det er naudsynt for turløypa rundt Lonena. Markagrensa i kommunedelplanen vert justert ned mot turløypa og planområde for Lonena tilsvarande.

Viss ein ser på sikring som i at det skal vere ei statleg sikring som friluftsområde er det ein moglegheit. Det ein veit om statleg sikring i dag er at delar av dei tilgjengelege ressursane nyttast til mellom anna å sikre tilgang til friluftsområde eller anna som er under sterkt press eller er i fare for å gå tapt slik at det offentlege interessa er så stor at ein vil og kan nytte midlane, ikkje nødvendigvis til kjøp, men ein kan inngå servituttavtale.

Me trur ikkje overordna mynde vil gå inn for statleg sikring da det ikkje er nokon reell trussel for at areala i seg sjølv eller tilgangen til dei skal gå tapt. Vidare er det ofte slik at dette er avtale som ligg utan for kommunal mynde og vert gjort mellom grunneigar og aktuell overordna mynde. I tillegg vert det innført eige sett med føresegn som seier noko om tillatt bruk.

3. Markagrensa

Me meiner at områdeplanen for Lonena og kommunedelplanen for Knarvik-Alversund må sjåast i samheng då markagrensa i overordna plan kan justerast lengre ned mot Lonena for å sikre LNF-områda og at ein samstundes justerar planområde for Lonena etter dette. Slik sett vert både arealføremål, tilgang og bruk teken i vare.

4. Medverknad og samtalepartner

Med har i tidlegare innspel bedt om ein meir open og konkret dialog med Lindås kommune når det gjeld planarbeid, tilrettelegging, friluftsliv og bruk i utmarka. Me er dels skuffa over eit fraværande initiativ frå Lindås kommune på dette området. Sjølv om ein kan planleggje slik ein vil over anna sin grunn meiner me at det hadde vore teneleg med ein organisert dialog utover høyringsperiodar sidan det er så mange treffpunkt mellom Lindås kommune og oss som grunneigar.

Som tidlegare spelt inn ønskjer Isdal felles ein meir heilskapleg samtale og diskusjon med Lindås kommune om bruk og tilrettelegging i utmarka i staden for tilfeldige einskilde innspel. Slik ein ser dokumenta knytt til både Lonena og kommunedelplan for Knarvik-Alverstraumen tek ein ikkje opp dette temaet på ein samla måte verken for nærområdet til Knarvik eller for kommunen som sådan.

Gjeldande Kommunedelplan for idrett og friluftsliv tek opp friluftslivsaspektet og bruk av nærareal i svært liten grad då denne i sin noverande form er ein plan for anlegg og grunnlag for søknad til spelemidler. Slik er det mange stadar i landet, friluftsliv er berre ein del av overskrifta. Her er det mykje godt forbetningsareid å gjere.

Tar ein til dømes denne planprosessen er det etter ønskje frå oss grunneigarar ikkje komen eitt einaste initiativ frå Lindås kommune verken politisk eller administrativt om dialog både konkret i høve til dette planområdet og korleis deler av tema i denne planen har påverka både for oss som grunneigarar, men og framtidige og noverande innbyggjarar i Knarvik.

5. Nærhet og tilgang til dels urørt natur vs. Tilrettelegging, aktiviteter og tiltak

Me synast at engasjementet kring Lonena er positivt og at offentleg debatt om ulike plan- og samfunnstema er bra. Det er i svært mange innspel knytt til Lonena fremheva at det er den korte avstanden og nærheten til natur som er viktig.

Samstundes har det og vore gjort ei spørjeundersøking om kva folk ønskjer med Lonena-området. Seinast på folkenmøte om planen vart det retta kritikk mot utforminga av undersøkinga og bruken av resultatata. Utvalsleiaren for plan la seg flat for denne kritikken, men samstundes vert resultatata av undersøkinga nytta som aktiv argumentasjon frå Lindås kommune si side. Me synast det er uryddig. Om ein uansett ser på resultatata eller svara frå denne handler den i liten grad om natur, men ei massiv tilrettelegging og ulike tiltak som i seg sjølv kan vere fint, men det er altså ikkje natur! Tilgang til urørt natur har elles i diskusjonen kring denne planen vore sentral og ein sender ut relativt motstridande signal om kva ein ser føre seg med området.

Isdal felles har vore restriktiv til å vere med på ulike slike tiltak ut i utmarka. Ein kan vere trygg på at me dei siste 5-10 åra har hatt ein haug med førespurnadar om tiltak i ulike storleikar og utformingar. Alle desse er i seg sjølv kanskje ganske grei, men samla sett ville det etter vårt syn ikkje sett ut i marka viss ein hadde sagt ja til alt dette.

Når ein ser på plandokumenta og spørjeundersøkinga er det meir slik at ein faktisk er litt fornøyd med at ein har stått i mot det me opplever som eit massivt press, og klart å ta i vare mykje urørt natur langs turområda i det som er eit pressområde.

Viss ein skal tru plandokumenta vil eller kan framtida kring turløypa rundt Lonena vere ei samanhengande samling av tiltak som kan høyre heime kring ei turløype eller liknande, men då snakker me ikkje om natur lenger, men eit tilrettelagt og utbygd anlegg, som og skal driftas og vedlikehaldast.

6. Landbruk og skogbruk

Me opplever at dei signal som vert sendt gjennom Områdeplan for Lonena og Kommunedelplan for Knarvik-Alverstraumen er urovekkande og alvorleg sett frå landbruket si side. Haldninga Lindås kommune tilsynelatande legg til grunn i høve til korleis ein trør fram, kva slags tilhøve ein vil ha til grunneigarar, prosess kring eigedom og innhald i plan knytt til skog- og landbruk er som sagt urovekkande. Dette kjem nok mest fram i kommunedelplanen og me kjem attende til det i innspel der.

7. Samarbeid med Knarvik Idrettslag

Isdal felles har siste året vært i samtale med Knarvik Idrettslag om samarbeid knytt til tilrettelegging og ein del vedlikehald på turstiar i utmarka. Dette arbeidet er påbegynt og me håpar at me i fellesskap kan gjere fysiske tiltak i haust. Knarvik Idrettslag meiner me er ein passande samarbeidspartnar for oss då dei arbeider med tilrettelegging for barn og unge gjennom heile året, har ulike grupper og har eit bredt tilbod. Tilrettelegginga vil starte i tilknytning til utmarksvegen. Og her hadde det vore ønskjeleg med ein meir heilskapleg dialog og plan for tilrettelegging, merking og skilting av turstiar. Me har over for idrettslaget tatt til ordet for at me bør ta del i den nasjonale tursti-merkinga.

Oppsummering og innspel som grunneigar:

1. Framlegg om at planområdet for Lonena vert sett i samanheng med markagrensa i KDP for Knarvik-Alverstraumen
2. Markagrensa i KDP Knarvik-Alverstraumen vert justert ned til det som er naudsynt for å sikre drift og vedlikehald av turløypa rundt Lonena
3. Framlegg om at det i føresegna kjem fram at det er ein avtale om bruk av utmarksvegen og kven som kan bruke den.
4. Framlegg om at utmarksvegen vert teikna inn i plankartet.
5. Me ønskjer og ber om eit møte med administrasjonen der me kan få diskutert og forhåpenligvis få nokon avklaringar.

Våre meir generelle innspel til planen:

1. Turløypa rundt Lonena

Som brukar av turløypa rundt Lonena er det særleg eit tilhøve ein kunne håpa på ei forbetring og det gjeld all reklamen som er sett opp ute langs løypa. Når ein er ute og er i aktivitet for trening eller berre treng å tømme hovudet og slappe av burde ein vere skånt for ei reklamepress slik det er rundt turløypa. Det er ei kjennsgjering at det og faktisk slippe unna reklamepress i det daglege er godt for dei fleste.

No skal og bør ein likevel gje honnør til dei som støttar opp om frivillig arbeid og tilrettelegging, men ein kunne løyst det på anna vis. Til dømes leggje til rette for ei felles reklame/støttespelar-tavle ved til dømes parkeringsplassen slik at ein slipp dette når ein går ein runde berre for å slappe av eller på veg ut i marka. Me håpar at ein både i overordna plan og denne områdeplanen legg føringar som sterkt begrensar eller forindrar dette.

2. Trafikksikkerhet og parkering

Me meiner at KU-vurderinga og ROS-analyse i ikkje stor nok grad tek inn over seg at ein skal lede mykje ny trafikk inn i eit sårbart område for barn og unge. I tillegg veit ein i dag at særleg krysset mot FV57 er vanskeleg og dels trafikkfarleg.

Me meiner vidare at området kring skule og idrettsanlegget ikkje treng å verte meir belasta med parkering. Det er rikeleg med parkerings i nærområdet og Knarvik sentrum som kan og bør nyttast. Som utgangspunkt er turløypa kring Lonena ei turløype for nærmiljøet. At den vert mykje brukt er sjølv sagt positivt, men det er eit paradoks at det vert ført som argument at ein treng parkering for folk som kjem køyrande for å bruke den. Då bør ein jo verkeleg anstrenge seg for å legge til rette for fleire turløyper der folk faktisk bur.

3. Utmarksvegen inn i kartet

Me ser ikkje heilt grunnen for at utmarksvegen og turløypa ved Lonena ikkje er teikna inn i kartet.

Me ønskjer at denne vert teikna inn og at det vert gjort synleg kor den er og kven som har bruksrett til denne delen av «vegssystemet».